



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 22.01.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Kjetil Fjellby	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Medlem
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Vigdis Sjøvik	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Terje Sætre	Sp	Medlem
Willy Borge	Frp	Medlem
Erlend Kvamsdal	Frp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Britt Inger Myhr Hope	AP	Ragnvald Tangedal
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Willy Borge
Ørjan Daae	Frp	Erlend Kvamsdal
Hans Daae	Sp	Jon Terje Sætre

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft
og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	Nordhordlandspakken - uttale til fylkestinget vedtak i sak 90/2014
004/2015	Masfjorden kyrkjelege fellesråd - søknad om utvida låneramme
005/2015	Kommunereform - ny kommunestruktur
006/2015	Referatsak

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Arthur Sjursen og Frode Langhelle vart valt til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 001/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 002/2015 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 11.12.14 vert godkjend.

003/2015: Nordhordlandspakken - uttale til fylkestinget vedtak i sak 90/2014

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 006/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Janne Judith Sandnes, Frp, la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14.

Nordhordlandspakken AS vert lagt ned og vegprosjektet vert oversendt Statens vegvesen og fylke, og bed dei gjennomføra vegprosjekta utan bomfinansiering.

Røysting:

Vedtak frå formannskapet og Frp sitt framlegg vart røysta opp mot kvarandre.

Vedtak frå formannskapet vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

KS - 003/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

004/2015: Masfjorden kyrkjelege fellesråd - søknad om utvida låneramme

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd får utvida låneramme med 600.000

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 011/2015 VEDTAK:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd får utvida låneramme med 600.000

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 004/2015 VEDTAK:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd får utvida låneramme med 600.000

005/2015: Kommunereform - ny kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

1. Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.
2. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.
3. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.
4. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 015/2015 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.**
2. **Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.**
3. **Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.**
4. **Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.**

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta, og utkast til prosjektplan framlagt og gjennomgått. Førebels prosjektplan lagt ved i protokollen.

Utkast

Prosjektplan kommunane i Nordhordland

Mål: Laga eit beslutningsgrunnlag for avgjerda som skal gjerast juni 2016.

Prosjektplanen vil vere eit levande verkty og må justerast undervegs.

Aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Merknad
	2015		
Politisk - prinsippvedtak i kommunane	4. februar	Kommunane	(Fedje litt sei
Kva No-møtet til NHIL	9. februar	NHIL	
Utarbeida mandat og prosjektplan	Innan 16. februar	Rådmennene	
Mal for intensjonsavtale	Innan 16. februar	Rådmennene	Vindafjord
Nordhordlandstinget	16. februar	NUI	
Omdømmeundersøking for aldersgruppa 25-35 år (utdanning- og etableringsfasen)	16. februar	NUI	
Regionrådet	13. mars	Rådet	
Bruk av prosjektmidlar og finansiering av felles tiltak	13.mars	Rådet	
Laga felles rammeverk konsekvensutgreiing	Febr - mai	Rådmennene	
Få på plass felles kommunikasjonsplan – og tilpassa den enkelte kommune	Febr - mai	Rådmennene	
Politisk handsaming av mandat og prosjektplan og intensjonsavtale	Innan 6. mai	Rådmennene	
Avklara Prosjektlear????	???	Rådmennene Regionrådet	
Konsekvensutgreiing av alternativ og kriterier - vegen mot ein ny kommune Ulike alternative retningsval må vurderast opp mot reforma sine overordna mål, samt ekspertutvalet sine kriterier for god kommunestruktur: 1. Tilstrekkelig kapasitet 2. Relevant kompetanse 3. Tilstrekkelig distanse 4. Effektiv tjenesteproduksjon 5. Økonomisk soliditet 6. Valgfrihet 7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder 8. Høy politisk deltakelse 9. Lokal politisk styring 10. Lokal identitet	Mars 15 – mars 16	Rådmennene	

Folkemøte – informasjon om prosess m.v. - i den enkelte kommune - felles innanfor nokre område – t.d. næringsliv	Våren	Kommunane	
--	-------	-----------	--

Aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Merknad
Kommuneproposisjonen og ny melding om Kommunereform vert presentert i Stortinget	Vår	Regjeringa	
Sak til kommunestyret om status i arbeidet	Juni	Rådmennene	
Folkemøte	Hausten	Kommunane	
Nye kommunestyre - folkevaldopplæring « Innføring til nye folkevalde gjennom folkevaldopplæring med særleg vekt på kommunereforma og utfordringsbilete»	November – Desember	Rådmennene	
Sak til kommunestyra om status i arbeidet	Desember	Rådmennene	
	2016		
Vedtatt intensjonsavtale om samanslåing	April		
Eventuell rådgjevande folkerøysting	Våren	Ordførarar	
Vedtak i kommunestyret	Juni	Rådmennene	
	2020		
Evt samanslåing iverksett	1. januar 2020		

Røysting:

Vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 005/2015 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.**
- 2. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.**
- 3. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.**
- 4. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.**

006/2015: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

22.01.2015 KOMMUNESTYRET

Innspel/spørsmål:

Marit Steinestø, Krf, ber om at innspel til oppvekstplan vert sendt ut til kommunestyrerepresentantane.

KS - 006/2015 VEDTAK:

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 22.01.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Arthur Sjursen
kommunestyremedlem

Frode Langhelle
kommunestyremedlem